



Midtre Gauldal kommune
Rørosveien 11
7290 STØREN

Saksbehandler, innvalgstelefon
Anders Dalland Mona, 74 16 81 98

Høring på forslag til forskrift om regionale miljøtilskudd i jordbruket, Trøndelag

Med bakgrunn i jordbruksoppgjøret 2017 og føringar frå Landbruksdirektoratet har fylkesmannen i Trøndelag laga forslag til «Forskrift for regionale miljøtilskudd i jordbruket, Trøndelag». Forslaget er laga med bakgrunn i «Fastsetting av instruks for regionale miljøtilskot» av Landbruksdirektoratet den 12. november 2018.

Fylkesmannen har i møte med Bondelaga og bonde- og småbrukarlag i Trøndelag den 29. januar 2019 diskutert kva for regionale miljøtilskot som bør prioriterast i Trøndelag. Innspel frå dette møtet og, samt dialog med kommunane og erfaringar med ordningar frå tidlegare, har vore bestemmande for kva ordningar som blir foreslått prioritert i Trøndelag. Det har og vore førande at ein ønskjer å gjera så få endringar som mogeleg frå 2018, sidan det då på grunn av samanslåing av Trøndelagsfylka vart gjort fleire endringar i dei regionale miljøtilskota.

Endringar frå ordningane for regionale miljøtilskot i 2018

§ 6 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap

Under denne ordninga er tiltaket «andre særlig viktige områder» tatt bort. Dette var eit tiltak som kravde godkjenning av Fylkesmannen og skjøtselsplan. Slike krav er det ikkje lenger mogeleg å ha og det er difor vanskeleg å lage tydelege krav for tiltaket.

«Beiting av naturbeitemark og hagemark er flytta til § 12 «Skjøtsel av trua naturtyper»

§ 7 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark

Dette er eit nytt tiltak og gjeld utmarksbeiting på høyer og holmar som ikkje har vegforbindelse. Ordninga er meint å kompensere for noko av ekstraarbeidet det er å få frakte dyra til og frå slike område.

§ 12 Skjøtsel av trua naturtypar

Dette er ei ny ordning og tar inn tiltaka beiting av naturbeitemark og hagemark som tidlegare var under § 6. Ordninga gjeld innmarksareal.



§14 Drift av seter

Dette er ei vidareføring av Miljøtilskot til setring. Ordninga krev 6 vekers setring slik jordbruksavtalen 2018 seier.

§ 15 Besøksseter

Ordninga besøksseter er ny som eiga ordning, men er ei vidareføring av «Setrer med 2-5 kyr, melkeproduksjon og foredling» i 2018. Det er krav om at ein bur på setra, foredlar mjølka på setra og at setra er open for besøkjande.

§ 20 Fangvekst som underkultur

Denne ordninga er tatt inn som eit tiltak for redusert utslepp av klimagassar og redusert avrenning. Ordninga gjeld vårsådd underkultur i korn, oljevekstar og belgvekstar.

§ 25 Ugrasbekjemping i radkulturar

Ordninga er for å stimulere til mekanisk bekjemping eller flammaing av ugras i radkulturar. Målet er redusert bruk av plantevernmidlar.

Rettleiar til forskrifta

I tillegg til forskrifta vil det bli laga ein rettleiar. Denne skal vera forklarande til forskrifta og skal etter planen vera ferdig i første del av april, kort tid etter at forskrifta er fastsett.

Frist for uttale til forslaget til forskrift er 1. april 2019.

Med helsing

Jon Olav Veie (e.f.)
Seksjonsleder utvikling
Landbruksavdelingen

Anders Dalland Mona
fylkesagronom
Landbruksavdelingen

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

1 Forslag til forskrift om regionale miljøtilskudd i jordbruket, Trøndelag



Likelydende brev sendt til:

Sør-Trøndelag bonde og småbrukerlag	Torvmyra 9	7091	TILLER
Trøndelag fylkeskommune	Fylkets hus, Postboks 2560	7735	STEINKJER
Nord-Trøndelag bonde og småbrukerlag	vassbygdvegen 289	7512	STJØRDAL
Sør-Trøndelag bondelag	Kongensgt 30	7012	TRONDHEIM
Nord-Trøndelag bondelag	Hamnegata 33	7714	STEINKJER
Alle kommunene i Trøndelag			
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO